

Referat frå eigarmøte – Gulen og Masfjorden Utvikling as.

Stad: Skjerjehamn.

Tid: Fredag 09. juni 2023

For eigarane møtte:

Jon Askeland, (Vestland fylkeskommune), Tina Lihaug Selbak, (SIVA), Erlend Kvamsdal, (Masfjorden kommune), Odd-Harald Eide, (Gulen kommune).

I tillegg deltok desse:

Hallvard Oppedal, (styreleiar GMU), Karstein Totland, (nestleiar GMU) Ragnhild Undertun, (dagleg leiar GMU), Rune Haugsdal, (Vestland fylkeskommune), Lasse Kolbjørn Anke Hansen, (Vestland Fylkeskommune).

Tema for møtet:

- Diskusjon knytt til avhending av Vestland fylkeskommune og SIVA sine eigarpostar i Gulen og Masfjorden Utvikling as.

Referat:

1. Styreleiar Hallvard Oppedal innleia møtet med å ynskje velkommen og stadfesta at alle eigarane var representerte. Ingen hadde merknader til innkalling.
2. Hallvard Oppedal vart vald til møteleiar.
3. Vestland fylkeskommune og SIVA har tidlegare gjort vedtak om avhending av eigarpostane sine i Gulen og Masfjorden Utvikling as, (GMU), i fylkestingsmøte jmf brev datert 04.05.23 der kommunane får tilbod om å kjøpe Vestland Fylke sin aksjepost i GMU justert for tilskot frå gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune, sak 18/2023 i fylkestinget subsidiert ei nedskrivning av verdiane knytt til aksjekapital og overkursfond.
 - a) Sal av aksjepostane til eigarkommunane Gulen og Masfjorden
 - b) Ei nedskrivning av verdiane knytt til aksjekapital og overkursfond der selskapet betalar attende innskoten kapital til SIVA og Vestland fylkeskommune.

Status hos aksjonærane:

Ettersom ordførarane i Masfjorden og Gulen også er styreleiar og nestleiar i GMU sitt styre, ynskjer kommunane av formelle grunnar å peike ut forhandlarar i høvesvis formannskap, (Masfjorden kommune), og kommunestyre 22.06. (Gulen kommune) før ein går vidare med forhandlingar knytt til eigarskap i GMU.

For Vestland fylkeskommune er eigarskapen knytt til politiske vurderingar om å gjere endringar i korleis ein forvaltar eigarskapen i dei ulike selskapa. For Gulen og Masfjorden Utvikling as, (GMU) medfører dette at ein trekkjer seg ut som eigar i selskapet.

SIVA arbeider etter eit føremål om oppstart/investering – realisering – utgang, i denne samanhengen fell eigarskapen i GMU utanfor og det er naturleg å avvikle eigarskapen jmf SIVA sitt føremål og nytte kapitalen til andre investeringar.

Oppsummering:

Gulen kommune og Masfjorden kommune har ikkje endra sitt standpunkt fra eigarmøte i desember-22 om at ein ser på tilboda frå SIVA og VLFK som eit grunnlag for forhandling, men ynskjer ikkje å nytte eigarmøtet til forhandlingar.

SIVA og VLFK klargjer sine standpunkt knytt til grunngevingar for sal.

Kommunane oppnemner sine forhandlingsrepresentantar i juni.

Målsetjing om ei avklaring før kommune -og fylkestingsval og ei avgjerd i ekstraordinær generalforsamling haust-23.

Sløvåg, 12.07.2023

Ragnhild Undertun,
Dagleg leiar
Gulen og Masfjorden Utvikling as